



Vår dato:

08.02.2022

Vår ref:

2020/4923

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Fjord kommune
Olavsgata 10
6210 VALLDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Fjord kommune

Områdereguleringsplan for Raudbergvika landbasert oppdrett

Fråsegn til høyring av planforslag - Motsegn

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremmer vi motsegn til planen på følgjande punkt:

Statsforvaltaren:

- Det er ikkje gjort ei reell vurdering av alternativ areal for lokalisering av anlegget
- Manglar i konsekvensutgreiinga som gjeld kva følger utsleppa frå anlegget i Raudbergvika kan gje for økosystema i Storfjorden etter reinsing. Dette gjeld også ei vurdering av utsleppa frå biogassanlegget, tilførslane av nærings salt frå eksisterande industri på land og matfiskanlegga i fjorden, og frå lakseslakteriet
- Føre-var-prinsippet er ikkje tilstrekkeleg vektlagt for påverknadsfaktorar der kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt. Det gjeld spesielt for utslepp til sjø/faktisk reinsegrad og samla belastning på økosystema i eit langsiktig perspektiv, jf. naturmangfaldlova §§ 8-10
- Konsekvensane for verdiane knytt til verdsarvområde er ikkje tilstrekkeleg utgreidd, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 4-2 og rundskriv T-2/16 punkt 3.6 og 3.9
- ROS-analysen er mangelfull, jf. pbl. § 4-3
- Planen må sette krav som sikrar at storulukkeverksemdar ikkje vert etablert innafør fareområde for naturpåkjenningar, jf. pbl. § 4-3 og 28-1 og TEK17 § 7-3 første ledd

- Planen må følge opp funn i ROS-analysen, og sikre etablering av tilstrekkeleg sløkkevassforsyning for Raudbergvika og Eidsdal, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1
- Det er ikkje sikra erstatningsareal for badeplassen i Eidsdal, jf. *Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge i planleggingen*, punkt 5d
- Støy er ikkje tilstrekkeleg avklart, jf. *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* og punkt 3.1 i *rundskriv T-16/2*

Statsforvaltaren har ansvar for å samordne statlege motsegner. Denne fråsegna er såleis med i ordninga der vi fremmer motsegn på vegne av Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE):

- Det er ikkje tilstrekkeleg dokumentert kva tryggleiksklasse som er aktuell for tiltaka i planområdet, jf. krava i byggtknisk forskrift (TEK17) § 7-3
- Planen manglar dokumentasjon som sikrar mot skade eller vesentleg ulempe for tilgrensande areal, jf. TEK17 § 7-1 andre ledd
- Planen manglar dokumentasjon på tilstrekkeleg tryggleik mot naturfare på siste plannivå, alternativt manglar krav til detaljregulering
- Planen dokumenterer ikkje at utbyggingsareal kan sikrast med tilstrekkeleg tryggleik mot skred i bratt terreng
- Planen framstiller ikkje faresoner for skred i bratt terreng i samsvar med kartlagt fare og med eintydige føresegnar i samsvar med krava i TEK17 § 7-3
- Planen dokumenterer ikkje at utbyggingsareal kan sikrast med tilstrekkeleg tryggleik mot flodbølge som sekundær verknad av fjellskred i samsvar med krava i TEK17 § 7-3
- Planen har mangelfulle vurderingar etter unntaksregelen i TEK17 § 7-4
- Planen manglar vurdering og dokumentasjon på tilstrekkeleg stabilitet i samband med planlagt utfylling i Eidsdal
- Det er ikkje gjort tilstrekkeleg greie for planlagt forbruk av ferskvatn og det er ikkje sett krav til avklaring av vassuttak etter vassressurslova

Vedlagt ligg kopi av heile fråsegna frå NVE.

Gjennomgang med nærare grunngjeving for motsegnene og faglege råd:

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Områdeplan for landbasert oppdrettsanlegg på Raudbergvika- Eidsdal er sendt på høyring og lagt til offentleg ettersyn.

Reguleringsplanen skal legge til rette for landbasert oppdrettsanlegg i fjellhallar og tilhøyrande bygningar og støttelefeksjonar i dagen i Raudbergvika, og utfylling i sjø med 10 mill m³ massar ved Eidsdal for å etablere slakteri, foredlingsanlegg og fryseri. Dei to areala er knytt saman med ein om lag 6-7 km lang tunnel.

Det er planlagt produksjon av om lag 100.000 tonn laks årleg og 20 millionar smolt/postsmolt i året. Etter det vi kjenner til er dette verdas nest største planlagde landbaserte anlegg. Fjellhallane og tunellen er innafør grensa til Vestnorsk fjordlandskap verdsarvområde og Geiranger – Herdalen landskapsvernområde.

Etablering av eit så stort anlegg i Raudbergvika og massiv utfylling i sjø ved Eidsdal, med tilhøyrande funksjonar, kan gje negative verknader for Storfjorden som resipient og økosystem, samt for kriterie som låg til grunn for innskriving på UNESCO Vestnorsk Fjordlandskap verdsarvområde, som til dømes landskap, geologi og naturmangfald.

Utfylling og etablering av industriområde i Eidsdal vil gje store endringar for bygda. Det vil føre til endra trafikk og transportmønster. Industriområdet vil endre landskapsopplevinga i bygda og redusere tilgangen til strandsone for dei som bur her.

Prosjektet vil kunne opne for 300 nye arbeidsplassar ved Raudbergvika og føre til auka tilflytting i eit område med negativ folketalutvikling. Analyse om verdiskaping anslår at dei direkte verdiskapingseffektane i anleggsfasen av anlegget i Raudbergvika er 6,6 mrd kroner i perioden 2022-2030, derav 2 mrd kroner går til Fjord kommune og kommunane rundt. Ved full produksjon er verdiskapingseffekten berekna til 3 mrd årleg. For Eidsdal sida er direkte verdiskaping i driftsfasen anslått til 660 millionar kroner, der 60% er anslått til lokal verdiskaping. For driftsfasen er det i følgje planomtalen usikkert. Vi har forståing for at kommunen ser positivt på eit prosjekt som bidrar med nye arbeidsplassar og dermed auke i folketal.

Planfagleg

Det er eit omfattande planarbeid som er sendt på høyring.

Storleiken på eit slikt anlegg gjer at saka er kompleks i seg sjølv. Kompleksiteten blir ytterlegare større ved lokalisering på Raudbergvika. Val av lokalisering for eit slikt anlegg burde vere resultat av ei overordna vurdering av alternative areal. Ei anna plassering med mindre usikkerheit for miljøkonsekvensar for resipienten, som i mindre grad utfordrar internasjonale og nasjonale verdiar, som ikkje ligg i flodbølgeutsett område og som lettare kan få tilgang til straum og vatn bør vurderast. Statsforvaltaren fremmer **motsegn** inntil ei reell vurdering av alternativ areal for lokalisering av anlegget er gjort.

Det er utarbeidd plankart for to vertikalnivå, over og under bakken, med tilhøyrande føresegner og planomtale. Vidare er det laga fleire rapportar om ulike fagtema. Nokre av rapportane har eldre dato enn andre. Tilleggsdokument som modellering av vassutskifting ved Raudbergvika og konsekvensutgreiing for marint naturmangfald ved Eidsdal er sendt på høyring seint i prosessen og er såleis ikkje følgt opp i dei andre plandokumenta. Konsekvensutgreiingane for naturmangfald er

heller ikkje oppdatert etter ny Norsk raudliste (2021). Kommunen må gå gjennom plandokumenta og sørge for at dei er oppdatert.

Det er laga ein illustrasjonsplan som viser at det er planlagt å etablere tre flytekaier på Raudbergvika. Vi kan derimot ikkje sjå at plankart eller føresegner opnar for dette.

Grense for fyllingsfot i Raudbergvika og Eidsdal er ikkje markert i plankartet. I Eidsdal må planområdet utvidast for å få med heile fyllingsfoten. Vi føreset at dette blir følgt opp.

Områderegulering versus detaljregulering

I utgangspunktet er områderegulering ein plan som skal avklare hovudstrukturane innanfor eit område før delområda blir detaljplanlagt. Sjølv om denne planen for Raudbergvika er utarbeidd som områderegulering, er det ikkje krav om detaljregulering. Det vil seie at denne planen vil vere siste nivå i planhierarkiet. Kommunen må difor sikre at avklarande detaljar for gjennomføring av utbyggingsprosjektet og naudsynte tiltak og vern blir sikra i planen no.

Reguleringsplanen skal veie ulike interesser opp mot kvarandre, avklare eventuelle konflikter, klargjere areal for utbygging og sikre vern/bevaring. Når eit planlagt prosjekt vil kunne føre til konflikt med viktige tema, vil ein måtte krevje eit høgare detaljnivå for å kunne avklare arealbruken enn om konfliktgraden er lågare. Dette fører igjen til høgare krav til utgreiingar.

Felles sjøarealplan for Fjord, Stranda og Sykkylven kommune

Rambøll varsla rett før årsskiftet på vegne av Fjord, Stranda og Sykkylven kommunar oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for felles sjøarealplan for Fjord, Stranda og Sykkylven kommune. Føremålet med planarbeidet er å utarbeide eit kunnskapsbasert forvaltningsverktøy som set langsiktige rammar for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskaping i fjordområda. I følge kapittel 3.2 i planprogrammet er det ambisjonar om høyring/offentleg ettersyn og ferdigstillinga av sjøområdeplanen i løpet av hausten 2022. Store oppdrettsanlegg gir store utslepp. Plasseringa av slike anlegg bør bli vurdert på eit overordna nivå. I den interkommunale planen vil ein kunne vurdere heile fjordsystemet under eitt, og kunne planlegge industri og næring opp mot fjorden si toleevne. Ein bør vurdere både land- og sjøbaserte oppdrettsanlegg i den interkommunale planen. Vi rår i frå å opne for nye lokalitetar no før heile Storfjorden er vurdert under eitt.

Konsekvensutgreiing

Føremålet med *Forskrift om konsekvensutredningar* er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir tatt omsyn til i førebuing av planar og tiltak, og når det blir tatt stilling til om og på kva vilkår planar eller tiltak skal gjennomførast, jmfør § 1 i forskrifta.

I tillegg til å oppfylle krava i forskrift om konsekvensutgreiing må det også utgreiast etter den metodikken som skal ligge til grunn for verdsarven (KUVA). KUVA-metodikken skal vere ein integrert del av ein ordinær konsekvensutgreiing. Vi ser at det er forsøkt å følgje opp dette i dokumentet «*Områderegulering for Raudbergvika – Eidsdal, KU landskap og verdsarv*». Denne konsekvensutgreiinga har likevel manglar og dette blir nærare kommentert under avsnitt *Natur- og miljøvern og verdsarv*.

Overordna vurdering for tema verdsarv

Vestnorsk fjordlandskap omfattar dei to delområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Det er seks kommunar som har areal innafor verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Fjord og Stranda er to av kommunane. Det er dei samla kvalitetane i fjordlandskapet til alle desse kommunane som kvalifiserer til verdsarvstatus.

Prosjektet med landbasert oppdrettsanlegg i Raudbergvika er så stort i seg sjølv at tiltaket må opp til vurdering hos UNESCO. I tillegg er det/har vore fleire store infrastrukturprosjekt under planlegging som til dømes rassikringstunnel Korsmyra- Indreeide, tunnel frå Opplendskedal til Strynefjellet, kraftverk i Geirangerelva og cruisekai i Geiranger. Vi er ikkje kjent med om det er tilsvarande prosjekt planlagt utafor fylkesgrensa. Kommunane bør difor gjere ei vurdering om å opne for prosjekt av denne storleiken med negative verknader for verdsarven på sikt kan truge verdsarvstatusen og ikkje vil vere i tråd med ambisjonen om at norske verdsarvområde skal vere fyrstårn for beste praksis innan kulturminne – og naturforvaltning (*Stortingsmelding nr. 35 (2012-2013)*).

Natur- og miljøvern

Verdsarv

Det er ei nasjonal forventning om at kommunane utviklar dei norske verdsarvområda som fyrstårn for den beste praksisen innanfor natur og kulturminneforvaltninga gjennom arealplanlegginga, jamfør *Nasjonale forventningar for regional og kommunal planlegging 2019-2023*. IUCNs rettleiar for konsekvensutgreiing av verdsarv frå 2013 er lagt til grunn for planarbeidet, jf. kapittel 1.3 i konsekvensutgreiinga for landskap og verdsarv.

Naturverdsarv er internasjonalt anerkjente område under Verdsarvkonvensjonen som er innskriver på Verdsarvlista. Dei er rangert blant verdas viktigaste naturområde. Verdsarvkonvensjonen, som er ratifisert av 193 statar, gir eit unikt rammeverk for å sikre vern av desse eksepsjonelle stadene som er anerkjent for å ha framifrå universell verdi for menneskeheita. Noreg har forplikta seg til å forvalte og ivareta desse områda etter beste praksis. Ein plass på denne lista betyr at det må bli tatt verdival for areal- og ressursbruk, også i framtida. Slik internasjonal merksemd gir stor verdi i reiselivssamanheng og for verdiskaping generelt – og er viktig for lokal identitet og stoltheit. Mange av desse unike stadane står ovafor trugslar som t.d gruvedrift og store infrastrukturprosjekt.

Verdsarven Vestnorsk fjordlandskap vart innskriver på verdsarvlista i 2005, og omfattar Geirangerfjorden i Møre og Romsdal og Nærøyfjorden i Vestland. Dette er det einaste norske naturområdet på verdsarvlista og er også eitt av berre 50 marine verdsarvområde i verda. Dei to fjordane er to døme på klassiske fjordlandskap i geologisk betyding. Samla har områda kvalitetar som gjer at dei er ført opp på UNESCO-lista over verdas kultur- og naturarv etter å ha oppfylt to av dei naturfaglege kriteria i konvensjonen.

Konsekvensutgreiing for verdsarv

Konsekvensutgreiinga skal følgje metodikk slik det går fram av rettleiingsskriv utarbeidd av IUCN. Hensikta er å sikre at planforslaget si sannsynlege verknad på området universelle verdi (FUV) er fullstendig vurdert i avgjersler om arealbruk. IUCNs haldning er at utbyggingstiltak som gir verknader innafor eller utanfor grensene til eit naturverdsarvområde, bør vurderast med omsyn til om dei er foreinleg med det langsiktige målet om å bevare området framifrå universelle verdi for framtidige generasjonar.

I Raudbergvika er det planlagt å ta ut 7 millionar m³ med fjellmassar. Gruvedrift vart trekt fram som ein aktuell trugsel ved innskrivinga av Vestlandsk fjordlandskap på verdsarvlista. Av rettleiaren går det fram at IUCNs haldning at leiting etter mineral og olje/gass, samt prosjekter for å utvinne desse, ikkje er foreinleg med å bevare verdsarvområde for framtidige generasjonar. Slik aktivitet bør ikkje tillatast innafor områda. Det står også at aktivitetar som leiting etter, og utnytting av mineral og olje/gass utanfor verdsarvområde kan ha alvorleg negativ påverknad på området framifrå universelle verdi. Konsekvensane for geologien oppfatar vi vil bli det same i denne saka som gruvedrift.

I rettleiaren står følgande:

«I eksepsjonelle tilfeller der prosjekter som påvirker et naturverdsarvområde er under vurdering, bør disse gis en omhyggelig miljøkonsekvensutredning i overensstemmelse med de åtte Prinsippene for Verdsarvkonsekvensutredning i Boks 2. (med eksepsjonell menes det at slike prosjekter normalt aldri lanseres eller vurderes). I særdeleshet bør rimelige alternativer til prosjektet identifiseres og utredes med målet å anbefale beslutningstakere det mest bærbare alternativet, inkludert i noen tilfeller 0- alternativet».

Ei konsekvensutgreiing skal ta utgangspunkt i kriteria for innskriving på verdsarvlista. Konsekvensutgreiinga må gjere greie for mogleg verknad for kvar einskild verdi. Som det går fram av kapittel 1.1.1 i planomtalen femner verdiane som ligg til grunn for verdsarvstatusen breitt, og omfattar både visuell oppleving, geologi, vassdrag, plante- og dyreliv og kulturarv.

Kapittel 7.2.2, som omhandlar verknad, viser berre til verknad for naturmangfald på land og i sjø, samt landskapsanalysen. Ei vurdering av dei andre kriteria/verdiane for innskriving på verdsarvlista er ikkje vurdert, til dømes geologi og vassdrag. I tillegg til at kvar einskild verdi skal utgreiast, skal det også gjerast ei vurdering av samla verknader på verdsarvområdet, samt effektar på integritet og vern og forvaltning. Vidare skal det utgreiast og identifiserast alternativ til utviklingsprosjektet, inkludert 0-alternativet. I dette prosjektet er det berre vist til 0-alternativet. Etter vår vurdering er det underkommunisert korleis 0-alternativet over lengre tidshorisont vil ha å seie for verdiane for området.

Det er utarbeidd illustrasjonar for korleis utbygginga vil sjå ut, men det er ikkje utarbeidd tilsvarande illustrasjonar for 0-alternativet, med endeleg utført avslutningsplan og med revegetering av landskapet. Det går fram av konsekvensutgreiinga at det er forventa at 0-alternativet vil ha positiv verknad for landskapet, da det vil skje revegetering over tid. Dette burde derimot synleggjerast og samanliknast med utbyggingsalternativet.

Konsekvensutgreiinga som er gjort oppfyller ikkje krava jamfør UNESCO sin rettleiar. Statsforvaltaren fremmer difor **motsegn** fordi planforslaget ikkje er tilstrekkeleg utgreidd.

Konsekvensutgreiinga har påvist at prosjektet vil gje negative verknader for landskap og naturmangfald innanfor verdsarvområdet. Dette er to av kriteria for innskriving på verdsarvlista. Det er også høg usikkerheit til verknader av stort utslepp og påverknad på marint økosystem og naturmangfald. Uttak av store steinmassar innanfor landskapsvern- og verdsarvområdet er i strid med kriteria for innskriving på verdsarvlista. Det er i tillegg knytt usikkerheit til tiltaket si effekt på Kilstivatnet og vassdrag i området, som vil kunne påverke hydrologien i området.

Samla sett er lokaliseringa uheldig i høve verdiane i verdsarvområdet. Vi rår difor Fjord kommune til å utsette behandlinga av reguleringsplanen til UNESCO har gitt si vurdering.

I ei sak med internasjonale og nasjonale verdiar vil føre-var prinsippet i naturmangfaldlova § 9 bli lagt stor vekt på. Vi viser til at Statsforvaltaren skal vurdere motsegn når planforslaget vil kome i konflikt med verdsarvområde, jamfør rundskriv T-2/16 punkt 3.9. Dette gjeld 2 gangs off. ettersyn.

Landskap

Eidsdal er ei bygd omgitt av fjord og fjell, og ein del av eit vakkert fjordlandskap. Frå før er det ferjekai, eit eldre naustmiljø, fellesnaust og campingplass i området der det er tenkt å fylle ut.

Den massive utfyllinga og etablering av næringsføremål ved sentrum av Eidsdal vil medføre store endringar i landskapsbiletet for bygda. Sjølv om det er bygningar i området frå før, er vi ikkje samd i vurderinga til konsekvensutgreiinga at utbyggingsprosjektet vil gje *ubetydeleg endring* på landskapet.

Det er utarbeidd ein rapport datert 22.11.2021 for konsekvensutgreiing for KU landskap og verdsarv.

Ein stor mangel med konsekvensutgreiinga for landskap og verdsarv er at det ikkje er gjort ei vurdering av landskapsverknader for lysforureining. Lys inni og utafor bygningar vil gje enda større dominans i landskapet enn det er vurdert til i konsekvensutgreiinga. Vi vurderer at lysforureininga frå anlegget vil bryte med fjordlandskapet og gje uheldige verknader. Vi vurderer at influensområdet for eit lyssett industriareal kan bli større enn det som går fram av konsekvensutgreiinga for landskap.

Når det gjeld illustrasjonane vurderer vi at desse ikkje viser ein realistisk situasjon, verken i Raudbergvika eller i Eidsdal. Igjen saknar vi synleggjering av lys på området. Vi kan heller ikkje sjå at alle sikringstiltak er tatt med i illustrasjonane, som heving av terreng til kote 6 og fangnett. Vi stiller også spørsmål om illustrasjonane viser rett høgde. Vi viser til at det i Raudbergvika er opna for bygg opp mot 20 meter og lagertankar og biogassanlegg med høgde 40 meter.

Illustrasjonane må vise verknadene på landskapet betre. Dei må baserast på foto av eksisterande landskap og bygningsmiljø. Då får vi sjå eit meir realistisk lys og fargemønster på omgjevnadene, både på natur og fjordlandskap, samt eksisterande bygningar i Eidsdal. Slik illustrasjonane er vist no kjem det ikkje fram korleis bygda Eidsdal ser ut, med bygningar og eksisterande naustmiljø like ved utfyllingsområdet.

Naturmangfald

Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for naturmangfald på land og i sjø.

Norsk raudliste vart oppdatert i 2021, og vi kan ikkje sjå at konsekvensutgreiingane for naturmangfald er oppdatert etter siste versjon. Dette kan gje utslag for verdsettinga av artane, som igjen kan påverke konsekvensgraden. Vi ber om at dette blir retta opp. Kunnskapsgrunnlaget for vurdering av planforslaget må vere oppdatert.

I konsekvensutgreiinga for naturmangfald på land ved Raudbergvika står det følgande:
«Planområdet ligger på østsiden av Sunnylvfjorden og omtrent 20 kilometer lenger inn i fjordsystemet ligger Geirangerfjorden som hører inn under Vestnorsk fjordlandskap, et verdensarvområde (UNESCO). Det vurderes at verdensarvområdet ikke inngår i influensområdet for det aktuelle tiltaket. Det aktuelle tiltaket vil ikke påvirke naturverdiene eller landskapsopplevelsen av selve verdensarvområdet og utredes ikke videre i rapporten».

Dette er ikkje riktig då grensa for landskapsvernområdet og verdsarvområdet er samanfallande i dette området. Uttak av massar skjer innanfor verdsarvgrensa. Naturmangfald i verdsarvområdet kan bli råka av tiltaket slik som også naturverdiar innanfor landskapsvernområdet blir det.

Planomtalen kapittel 7.2 om verdsarv viser likevel til denne rapporten for utgreiing av naturmangfald innafor verdsarvområdet. Plandokumenta er såleis ikkje samstemte. Sjølv om det er gjennomført ei konsekvensutgreiing for naturmangfald for arealet innafor verdsarvområdet (fordi det gjeld same areal som landskapsvernområde) er dette ein mangel som må rettast opp i. Vi minner om at geologi også er definert som naturmangfald. I konsekvensutgreiinga om påverknad på landskapsvernområdet er det vist til at uttak av steinmassar innafor vernegrensa er i strid med

føremålet med å ta vare på geologiske førekomstar. Tiltaket er vurdert til å gje *alvorleg miljøskade*. KU vurderer at sidan det frå før er tatt ut olivin i området og at inngrepet ikkje vil gje synlege negativ verknad av landskapet blir påverknad justert ned frå sterkt forringa til forringa. Vi saknar ei vurdering av verdien av dei geologiske førekomstane i høve naturlege geologiske prosessar innafør landskapsvern- og verdsarvområdet. Verknad på geologi med omsyn til avrenning av vatn i fjellet eller ras, vil kunne påverkast ved uttak av massane.

Det er hekkande rovfugl i influensområdet og konsekvensutgreiinga anbefaler som avbøtande tiltak at det ikkje skal gjennomførast sprenging og helikopterflyging i perioden mars-juni. Det er vidare tilrådd at det blir lagt til rette for å redusere nattbelysninga på anlegget mest mogleg, gjerne både ved å avgrense område som har lys, samt redusere varigheita av lyssettinga. Støyreduserande tiltak er ikkje innarbeida i føresegnene. I føresegn om området BN1 i Raudbergvika står det at «*På byggesaksnivå skal det ligge føre plan for lyssetting av anlegget i Raudbergvika. Målsetninga er å redusere nattbelysninga så mykje som råd*». Dette er ei lite konkret eller avklarande formulering, og sikrar ikkje at tilstrekkeleg omsyn blir tatt slik det er anbefalt jamfør Rådgivande biologer AS sin rapport 3508.

Rådgivande biologer AS har utarbeidd rapporten «*Etablering av landbasert oppdrett ved Raudbergvika, Fjord kommune – Konsekvensvurdering for naturmangfold og naturressurser, rapport nr. 3288*).

Figur 7 i rapporten viser at verdsarvområdet ligg innafør influensområdet for utslepp. I kapittelet om verdivurdering, underkapittel Naturmangfold og Vernet natur står det eit avsnitt om Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Heilt sist i avsnittet står det: «*Fjordområdet er også listet i UNESCO verdsarvliste som verdsarvfjord, men det er kun verneområder etter naturmangfoldloven som blir omtalt med verdi her da verdsarvfjord er ikkje vernet etter naturmangfoldloven*». Verdsarvområde har internasjonal verdig og skal takast med i ei slik vurdering. Blant kriteria for verdsarvstatusen til Vestlandsk fjordlandskap er marint naturmangfold.

Utanfor Raudbergvika blei det oppdaga to førekomstar av blautbotnsskorallar av typen sjøfjør. Sjøfjør veks sakte og kan ta opptil 4 år på å vokse tilbake etter skade og voksane individa er ikkje klar for formeiring før dei er 5 - 6 år gamle. Artane *vanleg sjøfjør* og *liten piperensar* er ikkje regna som trua på raudliste for artar, men veks så tett at dei faller inn under naturtypen Sjøfjørbotn. Sjøfjørbotn er i OSPAR konvensjonens liste over naturtypar i tilbakegang.

Rundt 1 km nord for utsleppspunktet er det ein større førekomst av kvit hornkorall. Kvit hornkorall er ein truga art i kategori *sårbar* i Norsk raudliste (2021). Korallane står tett nok til å danne korallskog som er nær trua ifølge norsk raudliste for naturtypar grunna tilbakegang av naturtypens totalareal. Det er få kjente korallskogar av denne arten i Norge og enda færre som dannar så tett skog som ved dette funnet. Veksten til hornkorallar er svært sakte og det vil ta fleire hundre år å rehabilitere ein øydelagt hardbotnsskorallskog. Forsking viser at korallsamfunn blir negativt påverka av utslepp frå oppdrett. Havforskningsinstituttet har funne teikn som tydar på at korallar kan ta skade over 1 km unna eit anlegget. Det er lagt inn krav om overvaking av korallskogen jamfør 3.12 i føresegnene, men dette er etter vår vurdering ikkje eit tiltak som sikrar bestanden.

Det er stor usikkerheit i korleis utsleppa vil påverke dei viktige naturverdiane som er funne i området. Det er også manglande kunnskapsgrunnlag i sjøområda rundt, og det er risiko for at influensområde for påverknad av utslepp er større enn det som er lagt til grunn for konsekvensutgreiinga. Vi legg vekt på føre-var prinsippet i naturmangfoldlova § 9 fordi det er knytt usikkerheit til mengde utslepp og konsekvensar av det, i tillegg til at det er forventa ei forringing av ein bestand av truga art.

Forureining

Ved førre høyring av planprogram ga vi (25.08.2021) ei lengre utgreiing om kva forureining frå det store anlegget vil kunne medføre for fjorden som resipient. Dette var basert på det som var lagt fram i planforslaget og i søknaden om løyve etter forureiningslova. Vi uttrykte stor uro for kva dette utsleppet vil kunne ha for verknadar for nasjonale og internasjonale naturverdiar knytt til området.

I Planomtalen blir det peika på at «*Tiltaket er vurdert å medføre ei markant auke i samla belastning på økosystemet*» (avsnitt 7.1.2) fordi etablering av anlegget vil medføre ei dobling av organisk tilføring av oppløyse nærings salt og partikulær organisk materiale.

Det blir derimot konkludert med at «*Utsleppa blir totalt sett små når ein ser på det naturlege nærings saltinnhaldet i fjordbassenget*» (avsnitt 7.4.3).

Grunnlaget for dette er basert på ei utrekning av kor mykje utslepp per døgn dette utgjer i høve til Sunnylvsfjorden sitt totale volum. Dette er basert på ei utrekning av kor mykje utslepp per døgn dette utgjer i høve til Sunnylvsfjorden sitt totale volum. Som eksempel er det rekna ut at det vil bli slept ut 12 tonn nitrogen per døgn. Dette blir så vurdert opp mot kva som er forventa av innhald av nitrogen i fjorden. Mengda nitrogen blir rekna til å vere 733 tonn nitrogen, og at utsleppet derfor berre utgjer 1,6 % av totalen. Total mengde som skal ut frå anlegget er 4173 tonn nitrogen per år. Dette er ei betydeleg mengde i vassførekomsten. Denne måten å rekne ut dette på er ikkje riktig, sidan det ikkje tek omsyn til at det er kontinuerleg utslepp frå anlegget.

Raudbergvika skal ut ifrå søknaden sleppe ut 4645 tonn organisk stoff/TOC, 458 tonn fosfor og omlag 4383 tonn nitrogen etter reinsing. Arealet i heile Storfjorden er berekna til 274 km² (ref. Vann - nett til og med vassområde ytre Storfjorden). Utsleppet frå Raudbergvika vil då gi eit utslepp på 15 996 kg oppløyst nitrogen og 1 671 kg oppløyst fosfor per km² årleg. Dette er såleis eit uvanleg stort enkeltutslepp til Storfjorden.

I planomtalen er det vidare lagt til grunn at det er mogleg å ha ein reinsegrad på 70 % for karbon, 20 % nitrogen og 60 % fosfor. Det er lite sannsynleg at det er mogleg å oppnå desse reinsegradane ved bruk av mekanisk reinsing. Ut frå innrapporterte tal frå andre landanlegg som nyttar denne reinsemetoden i Vestland, er det realistisk med reinsegrad på 28 % for karbon, 11 % nitrogen og 27,8 % fosfor (kjelde Statsforvaltaren i Vestland). Dette har stor betydning for kor stor påverknaden blir frå anlegget.

I 2018-2019 vart det produsert gjennomsnittleg 80476 tonn laksefisk årleg i *Produksjonsområde 5, Stadt til Hustadvika*. Estimerte utslepp av nitrogen var på 3078 tonn og 409 tonn fosfor fordelt på eit stort sjøareal på om lag 4482 km² (*Rapport fra havforskningen nr. 2021-8, Havforskningsinstituttet*). Dette gir eit estimert utslepp på 690 kg oppløyst nitrogen og 90 kg oppløyst fosfor per km² årleg.

Det er omtalt i planomtalen at «*det vil skje ein kontinuerleg utskifting av bassengvatn i Sunnylvsfjorden og utover i Storfjorden der utslepp kontinuerleg blir fortynna, innlagra og transportert vekk med tidevatnet og utskiftingsmekanismane elles*». Det er ei forventning om at dette vil vere tilstrekkeleg for at fjorden kan «tole» eit så stort utslepp. Næringsstoff som nitrogen og fosfor vil ikkje forsvinne sjølv om konsentrasjonane blir lågare eit stykke frå utsleppspunktet.

Alt av tilført næring vil måtte brytast ned. Per i dag har vi ikkje kunnskap om kor mykje utslepp fjorden vil klare å omsette og bryte ned. Det vi veit er at økosystemet i fjorden vil respondere på den auka næringstilførsla, men ikkje korleis.

Dette vart også påpeika i høyringa i august 2021.

Sitat:

"Korleis miljøet i fjorden reagerer på utslepp er avhengig av storleiken på utsleppet, lokale straumtilhøve, oksygentilhøve og det lokale økosystemet. Rester av fôr og avføring kan, under dei rette tilhøva, bygge seg opp på havbotn og føre til oppblomstring av algar, bakteriar eller sopp. Dette vil igjen påverke sjødyra som beiter på desse. Auka næringstilførsel kan føre til at populasjonar av algar og sjødyr aukar utover det som er normalt i fjorden. Ettersom desse nyttar oksygen for å bryte ned næringsstoff kan denne situasjonen i verste fall føre til oksygenmangel som gjer at sjølv dei mest tolerante artane forsvinn. Slike endringar kan igjen føre til endringar oppover i næringskjedene i økosystemet rundt anlegga."

-

Slambehandling

Behandling av slam er i liten grad skildra i planprogrammet. Slam har høgt vassinnhald, og vi kan ikkje sjå at det er skildra utslepp til sjøen som følgje av avvatning av slam.

Modellering av utsleppet

Den framlagte spreingsmodellen viser at utsleppet vil ha påverknad langt utanfor sjølve utsleppspunktet. Denne modellen er gjort på dei utsleppsnivåa som er oppgitt i søknaden. Modellen er ikkje vist for lågare reinsegradar. Modelleringa viser også at bidraget frå utsleppet vil gjere at den totale konsentrasjonen av nitrogen i vassførekomsten vil auke med 20- 60 %.

Samla belastning i fjorden

Det er fleire andre kjelder til utslepp til fjorden. Det ligg fleire oppdrettsanlegg, og det er fleire kommunale avlaup. I tillegg er det fleire næringsmiddelverksemdar og det vil vere avrenning frå blant anna elvar. Alle desse vil utgjere summen av utslepp til fjorden. På den måten vil alle ha eit felles ansvar for det samla utsleppet. Alle vil derfor bli ansvarleg for å ta sin del av byrden.

Fjord kommune ønsker å legge til rette for at ein aktør får ein eksklusiv rett til å bruke fjorden som resipient, og at deira utslepp vil vere veldig omfattande i høve andre kjelder. Dette vil kunne gjere at andre som ønsker å starte opp med aktivitet som vil ha utslepp til sjø, kan få utfordringar med å få til dette pga uforholdsmessige strenge utsleppskrav. For kommunane rundt fjorden vil dette også kunne føre til strengare krav til reinsing av kommunane sitt avlaupsvatn. Kostnadane for kommunane vil då kunne bli høge.

Når vi i tillegg veit at klimaendringar vil føre til auka avrenning og at temperaturen i sjøen vil stige, vil det også vere med på å auke belastninga på økosystemet i fjorden.

Det er gitt nasjonale føringar om at landbasert oppdrett skal ha tilsvarande krav som anna landbasert industri. (kjelde: Miljødirektoratet). Krava til næringsutslepp frå landbasert industri, er mykje strengare enn det som det blir lagt opp til på Raudbergvika. Krav til anlegg vil også vere ulike basert på kor anlegget er plassert. Det vil derfor bli strengare krav langt inne i ein fjord enn kva det er ute på kysten.

I følge den nasjonale havbruksstrategien³ er det eit mål at oppdrettsnæringa skal bidra til gode og lønnsame arbeidsplassar og lokale ringverknader langs heile kysten og inntekter til fellesskapet. Etablering av anlegget i Raudbergvika vil kunne vere eit bidrag til å nå dette målet. Men det er også satt som mål at oppdrettsnæringa skal produsere berekraftig sjømat med lågt klima- og miljøavtrykk.

Planomtalen gir inntrykk av at det er låg risiko for negativ påverknad på fjorden og økosystemet. Vi har ikkje kome fram til same konklusjon. Vi meiner at grunnlaget for å hevde at risikoen er låg, ikkje

er riktig. Raudbergvika vil ha store utslepp, sjølv etter reinsing. Det vil vere ein risiko for ein stor negativ påverknad på viktige naturverdiar i fjorden. Vi har **motsegn** til det er gjort ei vurdering av om utsleppa av tot-N, tot-p og tot-C vil kunne gje av negative konsekvensar for Storfjorden med utgangspunkt i meir realistiske og forventa utsleppstal etter reinsing.

Når kunnskapsgrunnlaget er oppdatert må det også gjerast ei ny vurdering etter § 12 i vassforskrifta.

Vi viser til at anlegget må ha eit utsleppsløyve etter forureiningslova. Statsforvaltaren er ansvarleg mynde.

Utfylling og dumping i sjø

Massar som blir teke ut frå fjellet ved etableringa av anlegget i Raudbergvika og tilknytta tunnelen skal etter planen dumpast og fyllast ut i sjøen. Etter kva vi kjenner til, er det no planlagd å dumpe og fylle ut minst 700.000 m³ massar for etablering av kai ved Raudbergvika og å fylle ut med om lag 10 millionar m³ massar ved Eidsdal, der det nye arealet skal nyttast til ulike føremål. Dette er svært store mengder. Utfylling og dumping i sjø krev løyve etter forureiningslova.

Utfylling og dumping av sprengstein i sjø kan føre til negative konsekvensar for marint naturmangfald og fiskeri- og akvakulturinteresser. Ved svært store tiltak aukar potensialet for negativ konsekvens vesentleg. Miljøbelastning og negative konsekvensar av tiltaka må greiast ut av eit uavhengig firma med relevant kompetanse. Det må òg greiast ut avbøtande tiltak for å redusere belastninga og dei negative konsekvensane til eit akseptabelt nivå.

Steinmassane kan bere med seg miljøgifter til det marine miljøet, og dei kan òg virvle opp miljøgifter frå sedimenta i tiltaksområdet når dei treff sjøbotnen. Det er etter kva vi kjenner til ikkje utført sedimentundersøkingar i tiltaksområda. Det er viktig å undersøke om tiltaka kan medføre spreiding av miljøgifter.

Ei stor mengde sprengt fjell som blir dumpa i sjøen vil bringe med seg mykje finstoff. Finstoffet kan slamme ned og dekke til marint liv. Finstoffet kan òg redusere sikten i vatnet, noko som kan føre til ytterlegare problem for økosystemet i fjorden. Finstoffet kan innehalde skarpe fragment som mellom anna kan skade fisken sine gjeller.

Ei modellering av sannsynleg spreiding, jf. tilråing i Rådgivende biologer sin rapport av 12.01.2022, kan vere eit nyttig verktøy for å vurdere omfang og distansar av partikkelspreiding i vatnet og kva tiltak og overvakingsmetodar som trengst for å motverke uheldige konsekvensar.

Sprengtrårestar og anna plasthaldig avfall er ofte ei utfordring ved utfylling og dumping av sprengsteinmassar i sjøen. Dersom det ikkje blir gjort effektive tiltak, vil svært mykje plast kunne spreie seg i vatnet. Plasten som blir spreidd i naturen vil på sikt brytast ned i stadig mindre fragment og verte mikroplast. Det må greiast ut korleis ein skal unngå omfattande marin forsøpling som følgje av tiltaka. Sprengstoffrestar, som kan gjeve eutrofiering eller akutt toksisitet, kan òg vere ei utfordring ved utfylling og dumping av massar i sjøen.

Den planlagde utfyllinga i Eidsdal vil legge permanent beslag på eit stort areal i nærleiken til ein hekkelokalitet for den raudlista makrellterna. Anleggsarbeidet vil òg kunne føre til forstyrringar i hekketida. Rådgivende biologer (12.01.2022) peiker på at det føreliggande kunnskapsgrunnlaget for denne hekkelokaliteten ikkje er tilstrekkeleg, og tilrår ornitologiske undersøkingar. Fisken i fjorden vil vere ekstra sårbar for auka partikkelnivå, undersjøisk støy og andre forstyrringar i gyteperioden og oppvekstperioden.

Fyllinga vil redusere storleiken på leve- og beiteområda til sjøaure frå sannsynlegvis fleire bestandar i fjordområda. Vitenskapelig råd for lakseforvaltning har vurdert dei viktigaste sjøaureelvane i fjordområdet til å ha høvesvis svært dårleg (Eidsdalselva og Tafjordelva) og dårleg (Norddalselva, Valldøla, Stordalselva, Strandaelva, Geirangerelva og Korsbrekkeelva) tilstand (VRL 2019 og VRL *in prep*).

Redusert leveområde og mattilgang, saman med auka partikkelnivå og forstyrningar vil føre til ytterlegare press på bestandane. Sjøaure har heile livsopphaldet i fjordområdet og elvane i motsetnad til laks, som har sjøopphaldet til havs. Laks vil likevel kunne bli påverka under smoltutvandringa frå elva og ved tilbakevandring der den kan stå i fjorden i påvente av vassføring i elvane.

Laksebestandane i Eidsdalselva og Norddalselva har vore på eit kritisk lågt nivå dei siste åra og det blir samla inn laks til nasjonal genbank for å styrke bestandane. Dette er svært kostnadskrevjande tiltak. Fisket i Valldøla, som er av dei aller viktigaste lakseelvane på Sunnmøre, har også vore lokalt freda for fiske dei tre siste åra. Dette er dei tre næraste lakseelvane til planlagt utfylling. Det er ikkje godt nok dokumentert kva for anadrome bestandar (laks og sjøaure) som vil bli påverka av tiltaket og i kor stor grad.

Tiltaka med dumping og utfylling i Eidsdal og ved Raudbergvika er av ein ekstraordinær storleik, og vi tilrår å sjå på tilsvarande store prosjekt andre stader i landet for å hauste erfaringar. Statens vegvesen planlegg no å dumpe ei tilsvarande mengde massar frå veg- og tunnelarbeid på E16 i Sørfjorden sør for Osterøya i Vestland fylke. Dei skal redusere belastninga på naturmiljøet og fiskeriinteressene i fjorden så mykje som mogleg ved å nytte nyutvikla metodar.

Vi viser til at tiltaket må ha eit utsleppsløyve etter forureiningslova. Statsforvaltaren er ansvarleg mynde.

Støy

Føresegn 6.1.4 stiller krav om støyvurdering for bygge- og anleggsfasen for område BN2 i Eidsdal. Det går fram av føresegnene at støynivå ikkje skal overskride støygrense i tabell 4 i retningslinjer for handsaming av støy T1442/2021. Ved eventuell overskriding er det eit krav om reduserande tiltak.

Ny ferjekai i Eidsdal er under planlegging. Støy frå ei slik utbygging vil gje ytterlegare støybelastning for same område. I slike tilfelle bør kommunen stille enda strengare krav til planlegging av avbøtande tiltak, informasjon og dialog.

Planen legg opp til eit nytt næringsområde i Eidsdal. Det er ikkje gjort ei støyfagleg utgreiing som stadfester at den planlagde aktiviteten ikkje vil vere støyande. Støy frå sjølve aktiviteten i og ved bygga, båtar som går inn og ut og ligg til kai, samt bil og varetransport til og frå anlegget i driftstida er ikkje utgreidd. Vi vurderer at det er særskild viktig at det er gjort ei støyavklaring i planprosessen. Planen må i tillegg sikre i føresegnene at aktivitet frå BN2 ikkje skal ha støyande aktivitet som gjer at støyfølsamt bruksføremål og uteopphaldsareal vil få støynivå over 55dB. Vi fremmer **motsegn** til det er utarbeidd ei støyfagleg vurdering av driftsfasen for næringsområdet BN2, samt sikra i føresegnene ei grense for 55dB for støyfølsamt bruksføremål i influensområdet.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

ROS-analysen

Planen er gjennomført som ein områderegulering utan krav om detaljregulering. Ettersom dette er siste plannivå, betyr det at ROS-analysen må avklare reell fare. Dette er stadfesta i Kommunal- og distriktsdepartementet sitt rundskriv H-5/18 «*Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling*». Same retningsline seier òg at ROS-analysen må ta høgde for at planen kan gjennomførast.

Fastsetting av tryggleiksklasse for bygg

Byggteknisk forskrift (TEK17) kapittel sju omfattar krav om tryggleik mot naturpåkjenningar. Reglane viser kva tryggleiksnivå som skal leggjast til grunn ved regulering og bygging i fareområde. Tryggleikskrava i TEK17 er dermed førande for arealplanlegging, og krava må leggjast til grunn for risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS-analysar) etter plan- og bygningslova (pbl) § 4-3. Tryggleikskrava kan avgrense eller gje grunnlag for å avslå moglegheita for å regulere eit område til utbygging.

Det skal fastsetjast tryggleiksklasse for alle bygg i fareområde for naturpåkjenningar jf. TEK17 §§ 7-2 og 7-3. I konsekvensutgreiinga står det at anlegget er vurdert til å vere i tryggleiksklasse F2 og S2. Når vi les konsekvensutgreiinga står det mellom anna at anlegget i Eidsdal kan sysselsette ca. 200 personar (med skiftordning). Anlegget i Raudbergvika vil ha om lag 300 tilsette (med skiftordning), og ca. 110 arbeidrarar til ein kvar tid. Verken anlegget i Eidsdal eller Raudbergvika gjev inntrykk av å vere S2-tiltak. Samtidig ser vi at anlegga omfattar fleire bygg, og tryggleiksklassen må vurderast for kvart av desse bygga. Val av tryggleiksklasse må grunngjevast.

Kommunen kan ikkje vurdere om planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot naturpåkjenningar når bygg ikkje er plassert i ein tryggleiksklasse. Dette gjeld for alle planlagde bygg/tiltak i fareområda i Raudbergvika og Eidsdal. Å plassere bygg i tilhøyrande tryggleiksklasse er derfor ein føresetnad for vurderingane i ROS-analysen, og for korleis planen skal følgje opp avdekka risiko og sårbarheit gjennom planleggingsverkemidlane.

Vi ser at eksisterande hamn er plassert i tryggleiksklasse S1. Dette er grunngjeve i at personar har kort opphaldstid på kaianlegget, og det vil vere avgrensa med personar som til ein kvar tid er innanfor området. Samtidig ser vi av rettleiaren til TEK17 § 7-3 at hamneanlegg er nemnt som eit S2-tiltak, medan mindre brygger er skildra som S1-tiltak. Det er opplyst i KU at det i anleggsperioden vil vere 300-400 personar som jobbar i skift. Vi kan ikkje sjå at det er differensiert kor mange av desse som vil jobbe på anlegget i Raudbergvika, men tala tilseier at det truleg vert ein vesentleg tal på menneske som vert frakta til og frå Raudbergvika via denne hamna. Statsforvaltaren meiner valet av tryggleiksklasse for eksisterande hamn må vurderast på nytt.

Statsforvaltaren minner spesielt om at tiltak omfatta av storulukkeforskrifta ikkje skal plasserast i fareområde for naturpåkjenningar. I Norconsult sin rapport «*Teknisk sikkerhet i dag- og berganlegg*» står det: «*Mengder av LOX eller brannfarlig gass er hver for seg eller til sammen under mengder som medfører behandling og vurdering etter storulukkeforskriften.*» Det ser likevel ut som planen, gjennom planføresegn 3.11, opnar for lagring og produksjon av farlege stoff som overskrider grenseverdiane slik at verksemd vert omfatta av storulukkeforskrifta. ROS-analysen må stadfeste at grenseverdiane ikkje overskridast. Eit slikt eintydig krav må òg sikrast gjennom planføresegnene.

Statsforvaltaren meiner ROS-analysen må skildre kvart bygg som er planlagt i eit fareområde for naturpåkjenningar og plassere desse i ein tryggleiksklasse. Dette må gjerast på ein oversiktleg og systematisk måte. Vurderinga av tryggleiksklasse må grunngjevast og gjerast med bakgrunn i

retteleiaren til Direktoratet for byggkvalitet (DiBK). Døme på S2-tiltak kan vere bygg der det normalt oppheld seg maksimum 25 personar *eller* der det er middels økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar. Vi meiner til dømes at det ikkje er tilstrekkeleg vurdering å plassere tiltak i tryggleiksklasse S2 fordi bygg ikkje er «av kritisk samfunnsmessig betydning» og har arbeidarar som kan evakuere seg sjølve, jf. ROS-analysen. Dette kan òg gjelde mange S3-tiltak.

Det er spesielt viktig å gjere ei grundig vurdering av val av tryggleiksklasse for bygg som retteleiaren til TEK17 ikkje nemner konkret. For fleire av dei planlagde tiltaka kan det òg vere «*samfunnsmessige konsekvensar*» ved skred/flodbølge som avgjer tryggleiksklassen, og ikkje kor mange som oppheld seg i bygget.

ROS-analysen er **mangelfull**. Planen må fastsette tryggleiksklasse for alle bygg i områder med naturpåkjenningar. Val av tryggleiksklasse må grunnjevast.

Vi ser at det i anleggsperioden er aktuelt med brakkeriggjar både i Raudbergvika og Eidsdal. Vi gjer merksam at sjølv midlertidige tiltak må tilfredsstille tryggleikskrava i TEK17. Tryggleiksklassen til brakkeriggen/-ane vert derfor førande for kvar desse tiltaka kan plasserast i Raudbergvika og Eidsdal.

Stormflod og havnivåstiging

Faren for stormflod og havnivåstiging er vurdert i tråd med retteleiaren til DSB. Det er òg gjennomført ein bølgerapport for Raudbergvika, men ikkje for Eidsdal. Samtidig ser vi at ved å ta omsyn til flodbølgefaren i Raudbergvika og Eidsdal, tek planen tilstrekkeleg omsyn til stormflodfaren (inkl. havnivåstiging og stormflod). Dette skjer gjennom tryggingstiltak som å heve terrenget og/eller ved å dimensjonere/konstruere tiltak for å tole påkjenningar frå flodbølge. Vi har likevel nokre merknadar til føresegn 5.2.2 knytt til stormflodfaren. Merknaden finn de under deloverskrifta «*Oppfølging av funn avdekka i ROS-analysen*».

Brann og ulukke, og farleg stoff

Planen legg til rette for fleire tiltak med brann- og eksplosjonsfare i eit område med vanskeleg tilkomst for naudetatar, og med eit fjellanlegg som kan gjere evakuering utfordrande. Vi lurar derfor på om det lokale brannvesenet har vore involvert i arbeidet med ROS-analysen. Brannvesenet sit på ekspertise som kan vere veldig nyttig i vurderinga av risiko og sårbarheit og behov for tiltak. Spesielt knytt til brann, redning, farleg stoff og eksplosjonsfare. Det er viktig at brannvesenet, som eit minimum, får høve til å uttale seg til planen og dei tiltak/planar som påverkar deira fag- og ansvarsområde. Statsforvaltaren lurar mellom anna på om anlegget, eller delar av anlegget, fell inn under definisjonen på eit «*særskilt brannobjekt*», jf. brann- og eksplosjonsvernlova §13.

Planføresegn § 6.1.1 set avstandskrav for bygg og anlegg med brann- og eksplosjonsfare. Tilstrekkeleg avstand skal dokumenterast på byggesaksnivå. Planføresegn 6.4.1 set krav til beredskapsanalyse som ytterlegare avklarar teknisk tryggleik ved anlegget og installasjonar. I motsetnad til tekniske løysingar, er det vanskeleg å dokumentere organisatoriske krav/løysingar knytt til ein arealplan. Samtidig er tekniske og organisatoriske tiltak, spesielt knytt til branntryggleik, ofte gjensidig avhengige av kvarandre. Gitt risikoen knytt til anlegg og installasjonar planlagt i Raudbergvika, vert det viktig at utbygginga følgjer opp føringane gitt i Norconsult sin rapport «*Teknisk sikkerhet i dag- og berganlegg*». Dette gjeld passive, aktive og organisatoriske tiltak som reduserer risikoen for uønskte hendingar. Nokre av dei aktuelle tiltaka er forskriftsfesta i anna lovverk enn plan- og bygningslova.

Grunnforhold

Planen legg opp til utfylling i fjorden i Raudbergvika og Eidsdal. NVE sin rettleiar «*Sikkerhet mot kvikkleireskred*» seier mellom anna; «*Det kan være svært vanskelig å forutse konsekvensene av en lokal overbelastning i sjø. Det må derfor alltid gjøres grunnundersøkelser og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsonen*». Grunnforholda må vere avklart der planen legg til rette for utfylling i sjø, og det er uvisse knytt til grunnforhold. Vi er mellom anna kjent med krevjande grunnforhold i Eidsdal. Vi minner om at reell fare skal vere avklart seinast på siste plannivå.

ROS-analysen er **mangelfull**. Planen må vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona der grunnforholda ikkje er tilstrekkeleg avklart.

Skred

Utbygginga i både Raudbergvika og Eidsdal er utsett for skredfare, og skredfaren er kartlagt for 100-, 1000-, og 5000-årsskreda.

Vi gjer merksam på at når planlagde bygg vert plassert i tilhøyrande tryggleiksklasse kan dette få konsekvensar for trygg plassering og behov for tryggingstiltak mot skred. Til dømes dersom eitt eller fleire bygg høyrer til tryggleiksklasse S3 i staden for S2.

Vi ser av Norconsult sin skredfarerapport for Raudbergvika at det er knytt uvisse til om tryggingstiltak kan gjennomførast. Spesielt plassering av fanggjerdar, fundamenteringsforhold og tilkomst med maskinelt utstyr. ROS-analysen må ta høgde for at planen kan gjennomførast. Dersom desse tryggingstiltaka er ein føresetnad for at planen kan gjennomførast, meiner Statsforvaltaren at dette er tilhøve som må avklarast i samband med planprosessen. Eventuelt må det dokumenterast at planen kan gjennomførast sjølv utan desse tryggingstiltaka mot skred.

ROS-analysen er **mangelfull**. Det må dokumenterast at det er mogleg å gjennomføre tryggingstiltak som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot skred.

Sekundærverknad av fjellskred (flodbølgje)

Planområdet i Raudbergvika og Eidsdal er begge utsett for sekundærverknad av fjellskred (flodbølgjefare), der fjellskred frå Åkneset er dimensjonerande. Scenario og prognosar for fjellskred og flodbølgjer er kjent. 5000-årsflodbølgja er venta å gje oppskylling til kote 13 i Raudbergvika og kote 8 i Eidsdal. 1000-årsflodbølgja er venta å gje oppskylling til kote 6 i Raudbergvika og kote 4 i Eidsdal.

Det ser ut som dei ulike plandokumenta/analysane føreset at terrenget i Raudbergvika vert heva til kote 6 og terrenget i Eidsdal vert heva til kote 4. Samtidig er ikkje dette eit eintydig krav i planføresegnene. I planføresegnene er det krav om *enten* å plassere S2-tiltak over 1000-årsflodbølgja *eller* konstruere tiltak slik at dei toler fjellskredgenererte flodbølgjer. Tilsvarande viser ikkje fleire illustrasjonsbilete heva terreng i planområda, medan ikkje-bindande situasjonsplanar viser heva terreng. Vi er derfor usikre på om terrenghevinga er stadfesta og skal gjennomførast. Ettersom terrengheving ser ut til å vere ein gjennomgåande føresetnad i fleire dokument, føreset vi at terrenget skal hevast. Heving av terreng må då sikrast som eit tydeleg krav i planføresegnene for dei aktuelle områda.

Dersom terrengheving er eit aktuelt tryggingstiltak for å sikre tilstrekkeleg tryggleik mot flodbølgje må ROS-analysen dokumentere at terrengendringa er mogleg å gjennomføre som tryggingstiltak. Det vil mellom anna sei at terrenghevinga kan dimensjonerast/konstruerast til å tole påkjenningane

frå flodbølgje. Vidare at det er mogleg å skaffe naudsynt mengde masser for å heve terrenga tilstrekkeleg.

Vi lurar vi på kor mange opningar som er/vil vere inn mot fjellanlegget frå fjorden, og kva kote desse ligg på. Fleire, og låge, opningar kan påverke risiko og sårbarheit ved flodbølgjer. Det er naturleg å synleggjere desse opplysingane i samband med vurderinga av tryggleiksklasse, og eventuelle behov for tryggingstiltak, for fjellanlegget.

Dersom det er eit aktuelt tiltak å konstruere bygg slik at dei toler fjellskredgenererte bølger, må det dokumenterast dette er mogleg. Til dømes om dette er mogleg for S2- og/eller S3-tiltak som på grunn av sin funksjon, som kai, flytebrygge osv., må ligge ved fjorden.

Det er ikkje vurdert tryggingstiltak mot 5000-årsflodbølgja. Dette er truleg fordi planen har plassert anlegg i tryggleiksklasse S2 utan å vurdere tryggleiksklasse for kvart bygg i fareområda. Inntil kvart bygg er plassert i ein tryggleiksklasse, kan ikkje kommunen utelukke at bygg hamnar i tryggleiksklasse S3. Dersom bygg hamnar i tryggleiksklasse S3, må ROS-analysen skildre aktuelle tryggingstiltak mot 5000-årsflodbølgja og dokumentere at tiltaka kan gjennomførast i tråd med planen.

Vi gjer merksam på at organisatoriske tiltak ikkje kan kompensere for manglande tryggleik. Til dømes ein beredskapsplan for stenging av vass-sikre portalar til bergrom for fjellanlegget.

ROS-analysen er **mangelfull**. Det må dokumenterast at planlagde tryggingstiltak er moglege å gjennomføre i samsvar med planen.

Konsekvensar av utbygging og tryggingstiltak for omkringliggande område

ROS-analysen omfattar ikkje moglege konsekvensar av utbygginga utanfor planområdet. Både terrenginngrep (t.d. heving av terreng) og andre typar tiltak kan føre til at byggverk, byggegrunn og omkringliggande terreng kan bli meir utsett for skader på grunn av naturpåkjenningar.

Det må dokumenterast at terrenginngrep og utbygginga kan gjennomførast i samsvar med kravet i TEK17 § 7-1 andre ledd. Det vil sei at tiltaka prosjekterast og utførast slik at bygg, byggegrunn og omkringliggande areal ikkje utsetjast for fare for skade eller vesentleg ulempe som følgje av tiltaket.

ROS-analysen er **mangelfull**. Moglege konsekvensar av utbygginga utanfor planområdet er ikkje tilstrekkeleg utgreidd. Analysen må dokumentere at utbygginga, inkludert terrengendringar, ikkje aukar naturfaren for anna bygg, byggegrunn og omkringliggande areal.

Unntak for flodbølgje som skuldast fjellskred TEK17 § 7-4

TEK17 § 7-4 opnar for utbygging i område med fare for flodbølgje som skuldast fjellskred. Denne moglegheita skal berre nyttast om det ikkje er mogleg å oppnå tilstrekkeleg tryggleik i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-3. Vidare gjeld ikkje unntaket for bygg som omfattast av TEK17 § 7-3 første ledd. Dersom utbygginga må planleggast etter TEK17 § 7-4 vil mellom anna byggverk og installasjonar som kan medføre akutt ureining omfattast av § 7-3 første ledd.

Vi kan ikkje sjå at planprosessen omfattar naudsynte utgreiingar som tilfredsstillande svarar ut alle vilkåra i TEK17 § 7-4. Det er heller ikkje skrive i plandokumenta at utbygginga skal planleggast etter TEK17 § 7-4, sjølv om vilkåra i TEK17 § 7-4 delvis er vurdert.

Utbygginga må derfor skje i tråd med tryggleikskrava i TEK17 § 7-3. Dersom det likevel vert aktuelt å nytte TEK17 § 7-4 må det dokumenterast at utbygginga i Raudbergvika og/eller Eidsdal oppfyller alle vilkåra. Vi merker oss at vurderingane i plandokumenta (m.a. i samfunnsanalysen gjennomført av Menon Economics) tilseier at planlagt utbygging Eidsdal ikkje vil tilfredsstillere alle vilkåra i TEK17 § 7-4.

ROS-analysen er **mangelfull**. Det er ikkje tilfredsstillande dokumentert at utbygginga oppfyller alle vilkåra i TEK17 § 7-4. *Dersom utbygginga kan skje i tråd med TEK17 § 7-3, er det ikkje naudsynt å dokumentere at planen oppfyller vilkåra i TEK17 § 7-4.*

Klimatilpassing

Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing seier at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting og transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring skal varetakast. Vi kan sjå spor av vurderingar knytt til klimatilpassing i ulike dokument. Vi kan derimot ikkje sjå at ROS-analysen gjer ein heilskapleg vurdering av utbyggingsområda med tanke på venta klimaendringar og aktuelle klimatilpassingstiltak. Mellom anna skal planen ta omsyn til behovet for opne vassveggar, overordna blågrøne strukturar, og forsvarleg overvasshandtering. Vidare bør planen vurdere naturbaserte løysingar. Til dømes opne bekkar, grønne tak og liknande innanfor planområdet. Dersom planen vel vekk naturbaserte løysingar, skal dette grunnjevast. [Klimaprofil Møre og Romsdal](#) skildrar venta klimaendringar og klimautfordringar i fylket. Dette kunnskapsgrunnlaget bør nyttast i vurderinga av aktuelle/relevante klimatilpassingstiltak.

ROS-analysen er **mangelfull**. Det må gjerast ein heilskapleg vurdering av korleis omsynet til eit endra klima skal varetakast i planlegginga av utbyggingsområda.

ROS-analysen tilfredsstillar ikkje utgreiingskravet i plan- og bygningslova

ROS-analysen er mangelfull. Inntil ROS-analysen tilfredsstillar utgreiingskravet i plan- og bygningslova, har **Statsforvaltaren motsegn til planen**, jf. pbl. § 4-3. Vi viser til våre merknadar over.

Oppfølging av funn avdekkja i ROS-analysen

Ettersom ROS-analysen er mangelfull er det vanskeleg å vurdere om planen følgjer opp avdekkja risiko og sårbarheit tilfredsstillande gjennom planleggingsverkemidlane. Mellom anna vil plassering av tiltak i tilhøyrande tryggleiksklasse påverke risiko og sårbarheit, og behov for oppfølging. Vi varslar derfor at Statsforvaltaren vil fremje motsegn dersom oppdatert ROS-analyse avdekker nye/andre risiko-/sårbarheitstilhøve som ikkje vert tilfredsstillande følgt opp.

Til tross for mangelfull ROS-analyse ser vi allereie tilhøve som ikkje sikrar tilstrekkeleg tryggleik i tråd med lov og føresegnar.

Lagring og produksjon av farlege stoff

Vi forstår av planen at det ikkje skal etablerast verksemder omfatta av storulukkesforskrifta innanfor planområdet. Formuleringa til planføresegn 3.11 ser likevel ut til å opne for storulukkeverksemd i fareområde. Statsforvaltaren meiner at føresegna må endrast slik at det vert eit tydeleg krav at lagring og produksjon av farlege stoff ikkje skal overskride grenseverdiar slik at bygg vert omfatta av storulukkesforskrifta.

Planen må setje tydeleg krav som sikrar at storulukkeverksemder ikkje vert etablert innanfor fareområde for naturpåkjenningar. Inntil dette er gjort, har Statsforvaltaren **motsegn** til planen, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1 og TEK17 § 7-3 første ledd.

Sløkkevatn

KU skildrar moglegheitene for å skaffe sløkkevatn til utbygginga i Raudbergvika og Eidsdal. For utbygginga i Raudbergvika kan sjøvatn nyttast, men forsyning av vatn via Eidsdal er føretrekt. Samtidig ser vi at eksisterande vassverk i Eidsdal ikkje har tilstrekkeleg kapasitet for utbygginga i Eidsdal. Det er konkludert med at det må etablerast ny vassforsyning, og ein ynskjer å gjere dette i samarbeid med det private vassverket.

I Norconsult sin rapport «*Teknisk sikkerhet i dag- og berganlegg*» står det at det må vere tilgang til sløkkevatn i alle delar av anlegget i Raudbergvika, og rapporten gjev nokre forslag til korleis sløkkevatten kan gjerast tilgjengeleg. ROS-analysen skildrar at planen skal etablere sløkkevassløysingar, og at dette skal sikrast gjennom planføresegnene. Vi kan ikkje sjå at dette er sikra gjennom planføresegnene. Statsforvaltaren har **motsegn** inntil planen følgjer opp funn i ROS-analysen, og sikrar etablering av tilstrekkeleg sløkkevassforsyning for Raudbergvika og Eidsdal, jf. pbl. §§ 4-3 og 28-1.

Skredfare og sekundærverknadar av skred

Skredfare som overstig 1/100 er kartlagt, men ikkje synleggjort i plankart med omsynssone og tilhøyrande planføresegn. Ut frå det vi kan sjå legg planen til rette for S1-tiltak både i Raudbergvika og Eidsdal. Plassering av tiltak i tilhøyrande tryggleiksklasser i ROS-analysen vil avklare dette. Dersom det stemmer at planen legg til rette for S1-tiltak, skal plankartet syne 100-årsskredet som omsynssone med tilhøyrande føresegn. Ettersom faren er kartlagt vil vi uansett tilrå at 100-årsskredet vert synleggjort i planen med tilhøyrande krav til tryggleik.

I planføresegn § 5.2.1 vert det fleire plassar referert til TEK17 § 7-4. Dette gjeld føresegna knytt til omsynssonene H310 3-6 som viser faresone for 5000-årsskredet (ikkje flodbølgje). Det er her feil å vise til TEK17 § 7-4 som gjeld unntak for flodbølgje som skuldast fjellskred. Tilsvarende er det feil at føresegnene knytt til omsynssonene for flodbølgjer (både 1000- og 5000-årsflodbølgja) viser til TEK17 § 7-4 so lenge planen ikkje er avklart etter TEK17 § 7-4.

Vidare ser vi at føresegnene knytt til dei ulike omsynssonene viser til krav som gjeld til byggverk innanfor sonene. Vi rår til at ein tydeleggjer kva for tiltak som ikkje kan plasserast innanfor omsynssonene. T.d. innanfor omsynssonene som viser skredfare som overstig 1/5000 er det forbod mot S3-tiltak før det er gjennomført tryggingstiltak som sikrar tilstrekkeleg tryggleik (jf. TEK17 § 7-3). Tilstrekkeleg tryggleik må dokumenterast av fagkunnig.

Vi føreset at dette følgjast opp.

Havnivåstiging og stormflod

Fareområde for havnivåstiging og stormflod er vist med omsynssone H320 1-2 i plankartet. Det kjem ikkje fram av føresegn § 5.2.2 kva fare omsynssonene omfattar, kva kote den går opp til, eller om omsynssonene dekkjer bølgepåverknad. Ut frå skildringa av F2-tiltak føreset vi at omsynssona dekkjer 200-årstormflod, men dette må kome fram av føresegna.

Videre ser vi føresegna set konkrete krav til vegar, kaiar og sjøfyllingar. Ettersom F2-tiltak kan omfatta andre tiltak enn desse, må føresegna setje krav til F2-tiltak. I tillegg kan føresegna presisere at kravet inkluderer F2-tiltak som vegar, kaiar og sjøfyllingar.

Vi føreset at dette følgjast opp.

Beredskapsplan ved fjellskred frå Åkneset

Statsforvaltaren kontrollerer ikkje beredskapsplanen til verksemda ved fjellskred frå Åkneset og innhaldet i denne. Vi har likevel nokre generelle merknadar til beredskapsplanen ut frå opplysingane skildra i «*Risikovurdering flodbølge frå skred*». Desse vurderingane ser ut til å vere knytt til drift av anlegget ved ulike beredskapsnivå for fjellskred frå Åkneset.

Beredskapsplanen til verksemda må samsvare med kommunen sin beredskapsplan, objektplan for Åkneset og nasjonal fjellskredplanverk. Kommunen har ansvar for å samordne beredskapsplanane internt i kommunen. Vi merker oss at tiltak ved heva beredskapsnivå for fjellskred ser ut til å ta utgangspunkt i 1000-årsflodbølgja, og ikkje 5000-årsflodbølgja som er dimensjonerande for beredskapsplanlegginga for fjellskred frå Åkneset.

Det kan sjå ut som eigar planlegg drift av fjellanlegget ved høg og ekstrem farenivå for skred (oransje og raudt beredskapsnivå). Vi tilrår dialog med kommune og politi i samband med planprosessen dersom drift av anlegget ved oransje og raudt beredskapsnivå er ein føresetnad for etablering av verksemda i dette området. Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å vareta tryggleiken til eigne innbyggjarar og andre som oppheld seg i kommunen. Politiet kan gje påbod om evakuering. Vi gjer òg merksam på at sjølv om det er gitt tidsintervall for dei ulike beredskapsnivåa, kan beredskapsnivåa vare over lengre tid enn førespegla.

Vassdrag

Det er i dag eit privat vassverk knytt til Kilstivatnet. Eksisterande system har ikkje tilstrekkeleg kapasitet for å dekke utbyggjar sitt behov. Lakselakteriet vil ha stort behov for sanitært forbruksvatn og sløkkevatn. Det går fram av planomtalen kapittel 7.4.5 at det må etablerast ny vassforsyning og at det er ønskeleg å gjere dette i samarbeid med det private vassverket. Vi kan derimot ikkje sjå at dette er nærare utgreidd i reguleringsplanen. Det er uklårt kor mykje vatn er det snakk om. Kan det bli behov for å regulere vatnet ytterlegare eller føre til andre inngrep ved vatnet?

Rapport ingeniørgeologisk og hydrologisk rapport for vegtunnel, utarbeidd av Norconsult (15.10.2021) viser til at det er utført vassbalanseberekningar for å vurdere sårbarheit mot innlekkasje i tunnel. Berekninga er basert på terrengmodellar, vassførekomstens nedbørsfelt og Kilstivatnet sin sårbarheit. Det står at høgt grunnvasstrykk på tunnelnivå og tunnel nær direkte under vatnet vil truleg kunne føre til påverknad på vatnet.

Kilstivatnet ligg innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernområde og verdsarvområdet. Vi viser til motsegnspunktet under avsnitt natur og miljø om at konsekvensane for verdiane knytt til verdsarvområdet ikkje er tilstrekkeleg utgreidd, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 4-2 og rundskriv T-2/16 punkt 3.6 og 3.9. Usikkerheita knytt til påverknad på Kilstivatnet inngår i denne motsegna.

Eit anna vassdrag er Eidsdalselva. Laksebestanden i elva er i kritisk tilstand, og det er difor fatta avgjerd om at ein skal prøve å berge bestanden ved uttak av stamfisk frå vassdraget og bruke nasjonal genbank til produksjon og utsetting av rogn/plommesekkkyngel. Det vil difor vere svært uheldig om det skal taskast ut vatn frå dette vassdraget.

Barn og unge

Planforslaget vil omdisponere friområde og badeplass utan at det er sikra erstatningsareal, jamfør *Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge i planleggingen*. Alternativ er omtalt i planomtalen kapittel 9.4, men det er ikkje sikra gjennomføring. Vi saknar også at planomtalen vurderer tilgjengeleg strandsone for folk som bur i bygda. Vi fremmer **motsegn** inntil erstatningsareal er sikra.

Oppsummering

Det manglar ei vurdering av reelle alternative areal for lokaliseringa av anlegget. Dette må famne om eit større geografisk område enn berre Storfjorden.

Det er vesentlege manglar i kunnskapen om korleis etablering og drift av anlegget vil virke inn på miljø, landskap og verdsarvstatus. Vi er spesielt usikre på kor store utsleppa til sjø faktisk vil bli og korleis dei vil spreie seg og virke over tid. Mest av alt fryktar vi skadelege langtidseffektar av auka utslepp til sjø inne i Storfjorden.

Føre-var-prinsippet må difor leggjast til grunn når ein skal trekke konklusjonen om kva effektar anlegget kan få på økosystema i Storfjorden.

Det er ikkje dokumentert at tiltaket er trygt mot flodbølge og ras. ROS-analysen er mangelfull og må kompletterast.

Statsforvaltaren og NVE har ei rekke motsegner til planen. Dersom noko er uklårt ber vi om at ein tek direkte kontakt med saksbehandlarane.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef-plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Forureining: Anne Grete Kleven, 71258477
Utfylling i sjø: Thomas Aurdal, 71258467
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf.71258415

Vedlegg:

- 1 NVE fremjar motsegn - mråderegulering for Raudbergvika Landbasert Oppdrett - Fjord kommune.PDF

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Stranda kommune			
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen
Mattilsynet	Postboks 383	2381	Brumunddal

Sykkylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Vik kommune			
Voss kommune			
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
KYSTVERKET	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Lærdal kommune			
NVE Vest	Naustdalsvegen 1b	6800	FØRDE
Aurdal kommune			
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER